



Møte i Studentparlamentet

nr 6/21-22

Onsdag 30. mars 2022

Møterom SAA272

Kl 16.00-20.00

Matsservering kl 16.00 NB: på klasserommet!

Møtestart kl 16.30

Saksliste

Sak 62 – 21/22:	Opprop og val av møteleing	3
Sak 63 – 21/22:	Godkjenning av innkallinga.....	3
Sak 64 – 21/22:	Godkjenning av dagsorden med sakliste	4
Sak 65 – 21/22:	Godkjenning av referat frå møte 02.03.22.....	5
Sak 66 – 21/22:	Prinsippprogram 2022-26.....	6
Sak 67 – 21/22:	Val av styremedlemmar til SiVolda	7
Sak 68 – 21/22:	Presentasjon av det nye fadderstyret	9
Sak 69 – 21/22:	Leiingsmodell ved HVO: valt vs tilsett rektor	10
Sak 70 – 21/22:	Endring av vedtekter og valreglement	11
Sak 71 – 21/22:	Orienteringar	12
Sak 72 – 21/22:	Eventuelt.....	13

Sak 62 – 21/22: Opprop og val av møteleiing

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggar: Ordstyrar

Namneopprop

Ordstyrar får oversikt over deltakarar på møtet og fastslår om vi er vedtaksdyktige.

Val av møteleiing

AU sitt forslag til vedtak:

- Irmelin Angell Losvik vert vald til ordstyrar
- Organisasjonskonsulent Marit Aklestad vert vald til referent
- Daria Jermacane og Fady Gemayel vert valde til teljekorps

Sak 63 – 21/22: Godkjenning av innkallinga

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggar: Ordstyrar

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.

Sak 64 – 21/22: Godkjenning av dagsorden med sakliste

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggar: Ordstyrar

Eventuelle merknadar, tillegg eller endringar av saklista blir meldt inn under dette punktet.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vedtek fylgjande dagsorden for møtet:

		Parlamentsmøte 30. mars		Saksansvarleg
16.30	62	Opprop og val av møteleiing	V	Ordstyrar
	63	Godkjenning av innkalling	V	Ordstyrar
	64	Godkjenning dagsorden med sakliste	V	Ordstyrar
	65	Godkjenning av referat frå møte 02.03.22	V	Ordstyrar
16.40	66	Prinsippprogram 2022-26	O	Leiar
17.00	67	Val av styremedlemmar til SiVolda	V	Internasjonalt
17.30	68	Presentasjon av det nye fadderstyret	O	Leiar
17.45		Pause 15 min		
18.00	69	Leiingsmodell ved HVO: valt vs tilsett rektor	V	Leiar
18.30	70	Endring av vedtekter og valreglement	V	Velferd
18.50	71	Orienteringar	O	Leiar
	72	Eventuelt		
19.00		Møteslutt + møtekritikk		

*V = vedtakssaker, O = orienteringssaker D = diskusjonssaker.

Sak 65 – 21/22: Godkjenning av referat frå møte 02.03.22

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Ordstyrar
Vedlegg: Vedlegg 1 – Referat frå møte i Studentparlamentet 02.03.22

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist møte i Studentparlamentet, 02.03.22

Sak 66 – 21/22: Prinsippprogram 2022-26

Type sak:	Vedtakssak
Saksframleggar:	Leiar Trond-Fredrik Hoddevik
Vedlegg:	Vedlegg 2 – Utkast til nytt prinsippprogram 2022-26 Vedlegg 3 – Gjeldande prinsippprogram 2018-22 Vedlegg 4 – English version Prinsippprogram 2018-22

Studentparlamentet skal vedta eit nytt prinsippprogram for perioden 2022-26. Studentparlamentet hadde saka oppe som diskusjonssak på møtet 02.03.22, og på bakgrunn av innspela som kom fram, har AU utarbeidd utkast til nytt prinsippprogram.

AU sitt forslag til vedtak

Studentparlamentet vedtek framlagt forslag til nytt prinsippprogram 2022-26.
AU får mynde til å gjere redaksjonelle endringar i dokumentet og utarbeide ny layout.

Bakgrunn

Jamfør reglement for rullering av styredokument, skal Studentparlamentet lage prinsippprogram for perioden 2022-26. Prinsippprogrammet slår fast Studentparlamentet sitt føremål, prinsipp og studentpolitiske prioriteringar, og legg føringar for kva AU og Studentparlamentet skal vektlegge i dei årlege arbeidsprogramma.

Prinsippprogrammet til Studentparlamentet peikar ut retning, hovudmål og delmål for perioden. Programmet vert rullert kvart fjerde år, og kan også reviderast kvart år dersom Studentparlamentet ynskjer det. Måla i Studentparlamentet sitt prinsippprogram blir vidare konkretisert i Studentparlamentet sitt årlege arbeidsprogram, som vert rullert kvart år.

Sak 67 – 21/22: Val av styremedlemmar til SiVolda

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Internasjonalt ansvarleg Fady Gemayel

Studentparlamentet skal velje nye studentmedlemmar til styret i Studentsamskipnaden i Volda (SiVolda). Verva har vore promotert gjennom Studentparlamentet og SiVolda sine sosiale media, i tillegg til e-post til tillitsvalde.

Kandidatar som ynskjer å stille til val, møter opp på møtet og får presentere seg gjennom ein kort valtale (3 min.) Kandidatar som ikkje har høve til å stille fysisk på møtet, kan presentere seg digitalt eller sende inn ein presentasjonsvideo.

Kandidatar som ynskjer det, kan også gjerne sende inn ein skriftleg presentasjon som blir delt med medlemmane i Studentparlamentet.

Vi oppmodar kandidatar som har tenkt å stille til å ta kontakt med AU eller organisasjonskonsulent før møtet.

Forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel ved urneval 3 styremedlemmar og tre varaer til styret i SiVolda.

Bakgrunn

Om studentsamskipnadane i Noreg

Studentsamskipnadane er institusjonar som ivaretek studentane si velferd ved dei ulike studiestadane. Dei organiserer velferdstilbod som studentbustader, kantine, kafear, studenthus, studentidrett, studentbarnehagar, studenthelseteneste, rådgjevings- og psykologteneste med meir.

Studentsamskipnadane er ideelle, private aktørar. Dei er finansiert av semesteravgifta, samt statleg støtte, i tillegg til inntektene frå drifta av tenestene, som kantine, bustader m.m. Alt av overskot i tenestetilbodet deira går tilbake til drifta, og skal kome studentane til gode i form av å subsidiere eller vidareutvikle velferdstilbodet.

Val av styremedlemmar

Saka om val av styremedlemmar til SiVolda var oppe som orienteringssak på førre møte, 02.03.22, der sitjande styreleiar, Irmelin Angell Losvik, orienterte kva eit styreverv i samskipnaden inneber, korleis ein stiller til val og kva parlamentet bør sjå etter og vektlegge i val av nye styremedlemmar.

Representantane som blir valde har ei funksjonstid på eitt år, og vil tre inn i verva frå 1. august 2022 – 31. juli 2023. Verva i styret er honorerte etter faste satsar.

Som styremedlem i SiVolda, deltek du på eit todagars styreseminar i starten av perioden, og deltek på styremøta etter oppsett møteplan. Det er omtrentleg to styremøter ila haustsemesteret og 3-4 møter ila vårsemesteret. Møta finn stad i lokala til SiVolda, og varer vanlegvis i om lag to timar. Dagleg leiar for SiVolda er møtesekretær, og har ansvar for å førebu sakene som skal opp for styret.

Studentane har fleirtal i styret (så fremt studentdemokratia krev det, noko som er tilfelle i Volda), og ofte har studentane også styreleiar. Studentdemokratia kan sjølv avgjere om dei vil velje styreleiar direkte, eller om det blir valt internt. I Volda har styret dei seinare åra valt styreleiar internt.

Studentane *kan* velje representantar som ikkje er studentar, men det har ikkje vore vanleg. AU i Studentparlamentet ser det som eit godt prinsipp å velje nettopp studentar til desse verva, som kjenner studentmiljøet og lettare kan vere studentane si stemme i styret. AU vil difor tilrå å velje studentar som veit at dei skal studere i Volda komande studieår inn i verva.

Prosedyrer rundt val av styret for SiVolda blir elles regulert av lov og forskrift om Studentsamskipnader i Noreg:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2007-12-14-116>

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2008-07-22-828>

Samansetjing av styret i SiVolda 2021-22

Styret i SiVolda er i noverande periode sett saman slik:

Styreleiar – Irmelin Angell Losvik – valt av studentane
Nestleiar – Ida Saxebøl Moum – valt av studentane
Styremedlem – Daria Jermacane – valt av studentane
Styremedlem – Odd helge Mjellem Tonheim – valt av tilsette HVO
Styremedlem – Malen Renate Sætre – valt av tilsette SiVolda

Varaer, studentar: 1. Andre K. Svarstad 2. Fady Gemayel 3. Heidi Werkland
Vara HVO: Karen Lomeland Jacobsen
Vara SiVolda: Jon Petter Lied

Strategisk plan for Studentsamskipnaden i Volda – SiVolda 2017-2021

<https://www.sivolda.no/strategisk-plan-2017-2021/category1022.html>

Sak 68 – 21/22: Presentasjon av det nye fadderstyret

Type sak: Orienteringssak
Saksframleggar: Leiar Trond-Fredrik Hoddevik

AU har saman med høgskulen tilsett nytt fadderstyre for Fadderveka 22! Det nye styret blir invitert til møtet og får presentere seg sjølv, kva dei har av idear og forventningar til årets fadderveke, og korleis dei ser føre seg arbeidet med Fadderveka 22.

Det nye fadderstyret er sett saman slik:

Leiar – Matilde Tafjord Rødhammer
Nestleiar –
Fadderansvarleg – Sarita Olivia Maureria
Sponsor- og økonomiansvarleg – Simen Toverud
PR og multimedieansvarleg – Maly Wane
Arrangementsansvarleg – Samuel O’Sullivan

Bakgrunn

Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda har kvart år ansvar for å tilsetje styret for Fadderveka. Styret for Fadderveka består av 6 honorerte verv. AU får bistad frå Høgskulen (oftast prorektor) i vurderinga av søknadane og gjennomføring av intervju. I år fekk vi inn 9 søknadar til dei ulike verva i styret, og alle vart kalla inn til intervju.

Sak 69 – 21/22: Leiingsmodell ved HVO: valt vs tilsett rektor

Type sak:	Diskusjonssak
Saksframleggar:	Leiar Trond-Fredrik Hoddevik og prorektor Odd Helge Tonheim
Vedlegg:	Vedlegg 5: Notat leiingsmodell HVO

Studentparlamentet skal ta stilling om det ønskjer valt eller tilsett rektor. For å sikre best mogleg grunnlag til å ta eit slikt val, vil prorektor Odd Helge Tonheim orientere parlamentet. I tillegg vil parlamentet ha høve til å stille spørsmål, samt dele sine synspunkt på saka. Grunna allmøtet kjem ikkje Studentparlamentet til å ta ei avgjerse, men heller gjere eit endeleg vedtak av høyringsvar på eit ekstraordinært, digitalt møte. Innkalling vil førekome på eit seinare tidspunkt.

Studentparlamentet er då invitert til å delta på eit allmøte som tek plass på Strøm 244 og handlar om leiingsmodell 4. april klokka 10.00-11.30. Rektorane ved Universitetet i Bergen og Høgskulen på Vestlandet deltek på delar av møtet. Rektor på Universitetet i Bergen er valt, medan rektor ved Høgskulen på Vestlandet er tilsett. Dei to rektorane har rydda plass i eit tett program og vil halde eit kort innlegg via video og vil også kunne svare på nokre få spørsmål.

Parlamentet kan sende opp til 5 personar.

Bakgrunn

Noverande valperiode for styret og vald rektor går ut 1. august 2023. Styret har bede om at spørsmålet om leiingsmodell blir tatt opp til vurdering i god tid før prosessen med val eller tilsetjing av neste rektor må ta til. Frist for høyringsvar er 20. april.

Høgskulestyret har sak om stillinga til rektor på eit møte 16. juni. Saka er oppe til behandling kvart fjerde år. Forskjellen mellom valt og tilsett rektor har signifikante konsekvensar for korleis høgskuleleiinga er organisert, samt kva rolle posisjonen som rektor inneber. I 2018 tok Studentparlamentet ein posisjon på saka, og det er forventa at studentparlamentet trekker ein konklusjon som blir spelt inn til Høgskulestyret denne gongen også.

Høgskulestyret har tidlegare lyst ut ein prosess der ein arbeidsgruppe skal vurdere fordelar og ulemper ved dei to modellane. Det skulle også skisserast moglege og naudsynte konsekvensar for styringsstrukturen. Arbeidsgruppe hadde ikkje måndag til å levere ein innstilling på leiingsmodell, og lar det vere opp til lesaren å gjere seg opp ein meining.

Sak 70 – 21/22: Endring av vedtekter og valreglement

Type sak:	Vedtaks sak
Saksframleggar:	Velferdsansvarleg Daria Jermacane
Vedlegg:	Vedlegg 6 – endringsforslag vedtekter og valreglement med innstilling frå AU Vedlegg 7 – utkast m/ forslag av vedtektsdokument for studentparlamentet Vedlegg 8 – utkast m/ forslag av valreglement for studentparlamentet Vedlegg 9 – gjeldande vedtekter for Studentparlamentet Vedlegg 10 – gjeldande valreglement for Studentparlamentet

Årshjulet til Studentparlament ved Høgskulen i Volda legg opp til at vedtektene og tilhøyrande valreglement skal opnast for revidering kvart år. Dette er to dokument som heng tett saman og dermed er hensiktsmessig å sjå på under eitt. Dette studieåret har Studentparlamentet hatt høve til å påvirke innmelde endringsforslag gjennom å site i vedtektskomiteen. Ein representant stilte, i lag med leiar og velferdsansvarleg frå AU. Velferdskomiteen sitt arbeid har resultert i ein del endringsforslag knytt til vedtektene og valreglement. Desse har AU har i tillegg tatt innstilling til. Samtlege forslag er innstilt vedtatt.

Ingen medlemer i AU tatt ut nokon dissensar.

Det er ikkje høve til å fremje nye endringsforslag undervegs i debatten, berre justeringar av dei forslaga som er fremja og innstilt på. Desse må sendast skriftleg til ordstyrar før det vert sett strek i debatten. Gjer ein dette vil ein verte satt opp for innlegg og ein vil då få høve til å argumentere for forslaget sitt.

Dei endringsforslaga som AU har markert med lysrosa og mørkrosa, er innstilt å vedta samla. Dersom ein ynskjer at nokon av dei skal opp til votering enkeltvis, må ein be om det i møtet. Forslaget blir då stemt over.

Endringar i vedtektene krev 2/3 fleirtal av parlamentet.

Vi kjem til å presentere og diskutere endringsforslaga til både vedtektene og valreglementet samstundes, men gjer vedtak knytt til dokumenta kvar for seg i tur og orden. Endringane til dokumenta vil tiltre i det augneblinken ein har bestemt å lukke vedtektene med eventuelle endringar fatta av Parlamentet.

Forslag til vedtak:

1. Studentparlamentet opnar vedtekter og valreglement for endringar. Gjeldande vedtekter og valreglement ligg til grunn for endringsforslag og debatt.
2. Studentparlamentet tek endringsforslaga som AU har innstilt på opp til votering
3. Studentparlamentet lukker vedtektene og valreglementet med dei endringane som er gjort.

Sak 71 – 21/22: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak
Saksframleggar: Leiar Trond-Fredrik Hoddevik

Info frå AU

Dette har skjedd sidan sist:

- Prosess nytt fadderstyre
- Oppfølging av saker frå sist parlamentsmøte
- Panteaksjon for Ukraina
- Konferanse i Trondheim for organisasjonskonsulentar i NSO

Dette skjer framover:

- Spørreundersøkelse om fadderveka
- Møte for tillitsvalde torsdag 31.03. kl 16.30-18.00. Møterom SAA257
- SAIH Landsmøte 29.-30. april. Avtroppande og påtroppande internasjonalt ansvarleg kan delta.
- Val av nytt AU på neste parlamentsmøte, 27. april!

Info frå studentar i råd og utval

Orientering frå SiVolda-styret

Orientering frå Høgskulestyret

Info frå medlemmane i Studentparlamentet

Sak 72 – 21/22: Eventuelt

Type sak:

Møteslutt planlagt ca 19.00

Møtekritikk etter formell møteslutt.